

Høyslass - husmannsplass under Nordbø

Strevsame menneske har livberga seg på den vesle hylla under Høyslassnuten i 150 år. Spor etter husmenn finn me på 1700-talet. Det er sannsynleg at plassen skriv seg frå kring midten av det hundreåret. Høyslass var truleg fyrst ein vårstule. Vollen blei etter kvart "grinda" og slegen. Frå 1885 budde det ikkje folk lenger på Høyslass. Plassen høyrer i dag til Suigard Nordbø, men med delinga i 1809 fekk Innistugu 1/4 av plassen.

Grøde

Høyslass var ikkje av dei kleinaste plassane i bygda. Særleg var potetjorda god. Det blei fortalt om Eilev Olavsson at han kunne få over 30 tønner poteter. I 1865, då Gunnar Kåsa budde der, hadde dei 1 ku, 1 sau, 4 geiter, sådde 1/16 tønne rug, 1/8 tønne bygg, 1/4 tønne havre og 2 tønner poteter.

Nokre av folka på plassen

Olav og Ingeborg Høyslass var husmannsfolk i 1790-åra. I 1797 fekk Vilhelm Larsen festebrev av Olav Anundsson Nordbø på livstid for seg og arvingar mot ei årleg avgift på 1 riksdaler 12 skilling, men utan arbeidsplikt. Til plassen skulle høyre husfang, gjerdefang, ved og beite, alt i Suigards skog og utmark.

Seinare, etter at Kari Olavsdatter Jønneberg-Øygarden døyde i 1835, 76 år gamal, låg plassen øyde ei tid. Husa blei rivne, og stua blei flytt til Austre Skogen, under prestegarden.

Den siste som budde fast på plassen var Sveinung Olavsson Kjelltangen frå Flåbygd saman med Anne Hansdatter Haugesag. Dei budde der eit års tid.

Kjelde: Bø-soga II, band I av Stian Henneseid



Telemarksku

Kjelde: Norsk Landbruksmuseum.



Gammal norsk sau

Kjelde: Norsk Landbruksmuseum